

GPS-merkeprosjekt villrein
Hardangervidda og Nordfjella
v/Norsk Villreinsenter Sør - sekretariat

Dykkar ref:
Vår ref: Lena Romtveit
Stad: Skinnarbu
Dato: 13.01.17

Sjå adresseliste.

Søknad om økonomisk støtte til GPS-merkeprosjektet på villrein på Hardangervidda og i Nordfjella (2017-2021) for 2017:

Innleiing:

GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella blei formelt konstituert i møte 1.-2. desember 2016, med overbyggande referansegruppe, leiar og ulike arbeidsgrupper med kvar sine faglege ansvar. Desse arbeidsgruppene har ulike opphav og derav ulik samansetting av deltakarar og bidragsytarar (sjå eige referat for meir informasjon). Dei rapporterer tilbake til referansegruppa i det overbyggande prosjektet, som vil vera ein viktig møtearena for ulike aktørar å møtast og drøfte samgangen med villreininteressene.

Prosjektet er under fagleg leiing av Norsk institutt for naturforsking (NINA), ved Olav Strand, sekretariat ved Norsk villreinsenter sør, ved Lena Romtveit og Fylkesmannen i Buskerud, ved Even Knutsen blei i konstituerande møte valt til leiar for den overbyggande referansegruppa. Fullstendig prosjektskisse er under utarbeidning, men i skrivande stund ikkje klar og vil bli ettersendt så snart som råd.

Budsjett og finansieringsplan er i denne søknaden først vist samla for heile prosjektet, heile perioden, og deretter delt på dei ulike delprosjekta (arbeidsgruppene) for 2017, med stutt orientering om kvar av dei. For 2017 søker prosjektet samla om kr 2.173.000,- (sjå tabell 1) fordelt på dei 5 ulike arbeidsgruppene (sjå nærmare fordeling for kvar av arbeidsgruppenes beløp og finansieringsforslag).

Søknaden er i denne omgang i hovudsak retta mot deltaking og bidrag inn til Arbeidsgruppe 3) Ferdsel (sjå eige oppsett med beløp per bidragsytar lengre ned i søknaden).

Tabell 1: Budsjett for heile prosjektet og alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021:

Budsjett alle arbeidsgrupper samla, per år 2017-2021:						
Tema/Arbeidsgr.:	2017	2018	2019	2020	2021	Kommentar/ Finansiering:
Administrasjon og referansegruppe:	100.000	100.000	100.000	100.000	500.000 ¹	Overhead frå alle arbeidsgr.
1) Rv7:	500.000	500.000	500.000	500.000	500.000	Statens vegvesen
2) Kraft og Anlegg	300.000	300.000	300.000	300.000	300.000	Regulantar i Nordfjella

¹ Auka budsjett for administrasjon, referansegruppe og sluttrapportering i prosjektets siste år.

3) Ferdelskartlegging (ambisjonsnivå 3)	1.273.000	1.065.000	980.000	-	-	Sjå eige finansierings forslag
4) Regionale planer og fokusområde:	Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdelskartlegging».					
5) Oppfølging merka dyr i felt og CWD prøvetaking:						Eigne midlar gjennom MiD
SUM per år:	2.173.000	1.965.000	1.880.000	900.000	1.300.000	

Budsjett og finansieringsforslag med aktuelle bidragsytarar, per arbeidsgruppe:

Arbeidsgruppe 1) Rv7:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i overvakkinga av villreinen i forhold til Rv7, som er nedfelt i eige Stortingsvedtak og har vore berebjelken i GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda sidan oppstarten i 2001. Dette er ei arbeidsgruppe som styrast av Statens vegvesen (SVV) og Miljødirektoratet (MiD), som har kontinuerleg kontakt med Statens Naturoppsyn (SNO) vedr stenging av vegen etter eige driftsregime, dersom reinen kjem innom visse soner. Sjå referat frå konstituerande møte for nærmere informasjon om denne arbeidsgruppas samansetting og fokus.

Tabell 2: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 1) Rv7:

Arbeidsgruppe 1) Rv7		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
Statens Vegvesen:	500.000,-	Midlar til merking og drift av inntil 20 GPS-sendrarar per år.
Miljødirektoratet:		
SUM per år:	500.000,-	

Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i revisjonsarbeid på fleire damanlegg, samt moglege kraftutbyggingsprosjekt i Gravdalen i Nordfjella villreinområde. I samband med vedtak om revisjonsarbeid og utbyggingssaker har NVE pålagt aktuelle regulantar å bidra med økonomisk støtte til GPS-merking av rein i Nordfjella, for å fylge utviklinga gjennom anleggsperioden. Etter kvart er det blitt klart at det bare er revisjonsarbeidet til E-Co som skal gjennomførast og at det dermed bare er dei som er inne med finansiering i fyrste omgang. I tillegg er NVE representert i arbeidsgruppa. Sjå referat frå konstituerande møte for nærmere informasjon om denne arbeidsgruppas samansetting og fokus.

Tabell 3: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg:

Arbeidsgruppe 2) Kraft og Anlegg		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
E-Co:	300.000,-	
NVE:		I samband med revisjonsarbeida i eit overordna perspektiv kan ein drøfte om NVE skal søkast om midlar i tida framover? ?
SUM per år:	300.000,-	

Arbeidsgruppe 3) Ferdsel:

Ferdselsundersøkingar på Hardangervidda er eit lenge etterspurtt tema. Denne arbeidsgruppa er eit eige prosjekt som blir drive av Vegard Gundersen (NINA), men som administrativt ligg under GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella, som fylgje av samanfallande interesser. Sjå referat frå konstituerande møte for nærmere informasjon om denne arbeidsgruppas samansetting og fokus.

Sjå vidare foreløpig prosjektbeskrivelse under:

FoU – Ferdsel på Hardangervidda (Førsteutkast sammendrag prosjektbeskrivelse Hardangervidda)
Vegard Gundersen, Olav Strand m.fl. Norsk Institutt for Naturforskning, Lillehammer og Trondheim.

Sammendrag

Bevaringen av villreinens leveområder er en utfordrende oppgave hvor Norge har et særlig ansvar. I og med at det er summen av inngrep og aktivitet som påvirker villreinstammene er det ofte vanskelig å isolere konsekvensen av enkeltaktiviteter eller enkeltstående inngrep i reinens leveområder. Det er viktig med helhetlige oversikter og kunnskapsgrunnlag om både villrein og menneskelig bruk. Forstyrrelse på villrein er en problemstilling som er blitt aktualisert på Hardangervidda siste år, spesielt med økende detaljkunnskap om villreinens arealbruk og trekk gjennom GPS merkeprosjektet og kunnskap fremskaffet gjennom dette prosjektet. Ferdsel og bruk av fjellet er inne i en periode med store endringer og dette skjer på flere plan. For det første skjer det en modernisering i friluftslivet knyttet til teknologi-utstyr, spesialisering av aktiviteter, nye aktiviteter, mange typer arrangement osv., samtidig med at tradisjonell bruk er i tilbakegang. For det andre endres selve innretningen på forvaltningen, der de besøkende til nasjonalparkene i langt større grad skal ivaretas med tilrettelegging og gis gode opplevelser, iht besøksstrategier for verneområder og lokal næringsutvikling. For det tredje ser vi at kvaliteten til norske fjellområder (stillhet, villmark) i stadig økende grad etterspørres internasjonalt, og ikke minst gjennom nye kanaler som for eksempel sosiale medier. Det haster med andre ord å fremskaffe et godt, oppdatert og helhetlig kunnskapsgrunnlag om ferdsel på Hardangervidda, for å møte disse utfordringen med relevant og målrettet forvaltning.

Vi har som mål at forslag til prosjekt skal involvere og forankres i så mange aktører innen villrein-, utmark- og reiselivsnæringen som mulig. Dette for at prosjektet skal ha stor og bred relevans, og legitimitet. Prosjektet organiseres og eies av en bredt sammensatt styringsgruppe. Denne er allerede etablert i GPS merkeprosjektet, men det må vurderes om nye representanter skal inn med endringen. NINA gjennomfører og organiserer prosjektet, og den praktiske gjennomføringen skjer i nært samarbeid med lokale aktører, herav fjellstyrer, SNO, osv. Villreinsenteret Sør, Skinnabu, innehør sekretærfunksjon i prosjektet. Prosjektet er forankret i gjeldende rammer for forvaltningen av området, inkl. forvaltningsplaner, regionale planer, og andre relevante dokumenter (www.villrein.no).

Hovedformålet med prosjektet er å fremskaffe en god og helhetlig kunnskapsplattform framtidig bruk, planlegging, og forvaltning av Hardangervidda. Kunnskapen skal ha stor relevans både for å legge forholdene til rette for bedre opplevelser for de besøkende, jfr. besøksstrategi og avbøtende i forhold til villrein, jfr. internasjonal ansvarsart, planverktøy og forvaltning. Når det gjelder avgrensning må dette diskuteres mer inngående, men dette er i utgangspunktet bestemt gjennom innfallsporter og merket stinett inn mot og innenfor Hardangervidda nasjonalpark. Prosjektet avgrenses til barmarksperioden, men det kan være aktuelt med vinterstudier i avgrensede fokusområder (jfr. Ap. 3). Kunnskap på ferdsel skal speiles mot data fra GPS-merkeprosjektet, og det skal så langt det er mulig identifiseres flaskehals og terskeleffekter for villreinens arealbruk og trekk. Vi har satt opp ulike ambisjonsnivåer i prosjektet. Ambisjonsnivå 1 utgjør basiskunnskap vi ser som nødvendig for å få god kunnskap om Hardangervidda. Prosjektet kan bygge videre på dette prosjektet, og vi har her gitt forslag til prioritert kunnskapsinnhenting.

Følgende delmål og arbeidspakker er detaljert beskrevet i prosjektbeskrivelsen:

Ap 1. Status fersel. Kunnskap om fersel (herunder både intensitet og karaktertrekk brukere) ved 30-50 av de mest brukte eller aktuelle innfallsportene, og kunnskap om bruksintensitet på merket stinett og mye brukte umerkede stier. Dette skal metodisk løses med automatiske tellere (2016-2019), svarkasser i felt inkl. etterundersøkelse (2017), og utdeling av skjema i felt (2016-2019). Det vil inngå en rekke forskjellige type analyser; deskriptive, statistiske, og GIS/kartproduksjon. Dette omfatter 1. ambisjonsnivå og vil ha en prosjektramme på 2.208 millioner fordelt på 4 år.

Denne summen inkludere også formidling av resultater skal skje gjennom en rekke kanaler og er satt opp som en egen post. Tradisjonelle kanaler her er skriftlige arbeider (rapporter, oppslag, brosjyrer, media etc.), muntlig (foredrag, befaring, møter, seminarer etc.). Det er viktig at styringsgruppa er nytenkende på hvordan resultatene fra prosjektet skal videreforskes. NINA regner med at det vil bli årlig formidling av resultater; årsrapport, møter, foredrag osv. Dette er lagt inn i budsjettet, sammen med kostander til leveranse sluttrapport.

Ap 2. Villrein-fersels analyser. Analysere kunnskap fra Ap 1 mot data fra GPS-merkeprosjektet villrein for å identifisere flaskehals for villreinens arealbruk og trekk på barmark. Disse analysene vil behandle ferselen som en dynamisk variabel i motsetning til tidligere analyser som har betraktet infrastruktur som en konstant variabel. Analysene vil inkludere data på barriereeffekter/terskeleffekter/grenseverdier for villreinens tilbøyelighet til å krysse ferselsårer, arealunnvikelse av stier og hytter med variabel bruksintensitet, og også så langt det er mulig kunne predikere effekter av noen foreslalte forvaltningstiltak. Vi har anslått et behov for 450 000,- til å gjøre disse analysene. Dette utgjør da ambisjonsnivå 2.

Ap 3. Fokusområder. Studier i avgrense fokusområder med spesifikke problemstillinger. For at prosjektet skal være dynamisk og ha mulighet for å ta dypdykk i situasjoner der det er særlige utfordringer i forholdet mellom fersel og villrein. Det foreligger allerede oversikt over fokusområder fra GPS-merkeprosjektet, og flere kan komme til, og det er derfor viktig at det settes av midler slik at styringsgruppa kan sette inn forskning der de ønsker det. Mange av de metodene nevnt over er aktuelt, men i særlig grad vil GPS folk og observasjonsstudier være aktuelt. Metodene må skreddersys i forhold til situasjon og problemstilling. Ressursbehovet her vil avhenge av hvilke fokusområder som velges, problemstillingene der og metodene som velges for å løse problemet. Med erfaring fra andre fokusområder har vi anslått et ressursbehov på ca. 600 000,- fordelt på 3 år, for å gjøre dypdykk i 3 fokusområder.

Ap 4. Sammenstille dokumentasjon. Utarbeide en sammenstilling av eksisterende skriftlig dokumentasjon og datasett på fersel fra innfallsportene og arealene på Hardangervidda. Vi ser det som en viktig oppgave å samle og systematisere så mye som mulig av den kunnskapen som finnes på fersel og bruk av Hardangervidda. Vi vil i første rekke basere dette på skriftlige kilder, men det kan være aktuelt å systematisere data med enkel tilgang. Omfang av et slikt studie vil avhenge stort av ambisjonsnivå og ressurser til rådighet. Sekundære data vil for eksempel være overnatting, bomperger, billetter, jaktkort, fiskekort, og annen type besøksdata (2016-2019). Denne sammenstillingen skal ende i en statusrapport som grunnlag for det nye ferselsprosjektet. En slik sammenstilling er estimert til 300 000,- kroner.

Ap 3 og Ap 4 utgjør da ambisjonsnivå 3.

Vi skisserer ett 4-årige prosjekt (fra 2016 til og med 2019). Det settes i gang et pilotprosjekt i 2016 med hovedformål å samle data fra automatiske tellere på sentralvidda, samle aktørene om et prosjekt og forankre prosjektbeskrivelsen. Årene 2017, 2018 og 2019 er det lagt opp til full kunnskapsinnhenting. Prosjektet vil så langt det er mulig spille på lokalkjente aktører (Fjellstyrer, SNO, Forvaltning for øvrig) i gjennomføringen, og denne innsatsen skal være spesifisert i budsjettene. Prosjektet har en totalramme på 2208000,- kroner ved ambisjonsnivå 1. Det er satt opp forslag til hvordan prosjektet kan bygge videre på denne kunnskapen alt avhengig av økonomi og aktualitet, med ambisjonsnivå 2 med et tillegg på

450 000,- kroner og ambisjonsnivå 3 med et tillegg på 900 000,- kroner. De enkelte kostnadsposter og fordeling av arbeidsoppgaver er oppsummert under.

Tabell 4: Budsjett arbeidsgruppe 3) Fersel:

Arbeidspakker (AP)	Aktivitet	2016	2017	2018	2019	Sum
Ap 1. Status fersel	Ferselstellere	190	190	190	190	760
	Svarkasser		493			493
	Skjema via E-post			235		235
	Utdeling skjema		90	90	90	270
Rapportering, formidling, adm.		50	50	100	250	450
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 1						2208
AP 4. Villrein-fersels analyser	GIS analyser, terskeleffekter, unngåelse		150	150	150	450
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 2						2658
Ap 2. Fokusområder	Tilpasset metodikk, inkl. GPS folk		200	200	200	600
Ap 3. Sammenstille dokumentasjon	Skriftlige kilder Sekundære data		100	100	100	300
Prosjektkostnad ambisjonsnivå 3		240	1273	1065	980	3558

Då fersel er eit lenge etterspurte tema på Hardangervidda er forslaget til finansiering ei brei samansetjing av bidragsytarar frå ulike hald (sjå tabell 5):

Tabell 5: Finansieringsforslag arbeidsgruppe 3) Fersel:

Arbeidsgruppe 3) Fersel		
Bidragsytar:	Kr:	Kommentar:
Besøksstrategi Hardangervidda		Uavklart kva beløp ein kan søke dette prosjektet om før søknadsfristen i ESS går ut 15. januar.
Fylkesmannen i Buskerud	100.000	
Fylkesmannen i Hordaland	100.000	
Fylkesmannen i Telemark	100.000	
Handlingsprogramma Regional Plan		Eigongsløyving. Midlar frå prosjekt «H7 Fritidsbruk» jf «Regionalplan Hardangervidda - Statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020» s.7.
	300.000	
Buskerud Fylkeskommune	100.000	
Telemark Fylkeskommune	100.000	
Hordaland Fylkeskommune	100.000	

Hardangervidda Villreinutval	38.000	Restmidlar frå kvart års budsjett.
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet	100.000	Restmidlar frå kvart års budsjett.
Statens Vegvesen, Miljøseksjonen		Uavklart kva beløp ein evt kan søke Miljøseksjonen om før søknadsfristen i ESS går ut 15. januar.
Vinje kommune	25.000	
Odda kommune	25.000	
Ullensvang herad	25.000	
Eidfjord kommune	25.000	
Ulvik herad	25.000	
Hol kommune	25.000	
Nore- og Uvdal kommune	25.000	
Rollag kommune	10.000	
Tinn kommune	25.000	
DNT	25.000	
SUM per år:	1.273.000,-	

Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i at Handlingsprogramma frå dei regionale planane hhv på Hardangervidda og i Nordfjella har initiert fleire villreinrelaterte prosjekt. Fleire av desse vil kunne trekke store fordelar av å vera ein del av eit større overbyggande prosjekt på villrein og ein dristar seg difor til å søke handlingsprogramma om deltaking i og økonomisk støtte til dette overbyggande GPS-merkeprosjekten. For å sikre at desse mindre prosjekta frå handlingsprogramma får ynskt fokus og samgang med andre relevante tema er det difor oppretta eiga arbeidsgruppe for dette. Sjå referat frå konstituerande møte for nærmere informasjon om denne arbeidsgruppas samansetting og fokus.

Tabell 6: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde:

Arbeidsgruppe 4) Regionale planer og fokusområde		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
Buskerud Fylkeskommune		Eigne midlar gjennom Handlingsprogramma til Regionalplan. Vil delvis kunne inngå i «Arbeidsgruppe 3) Ferdskartlegging», jf «Regionalplan Hardangervidda -Statusrapport 2016. Handlingsprogram 2017-2020». Storleiken på desse beløpa er ikkje endeleg avklart innan søknadsfristen i Elektronisk Søknadssenter går ut.
Fylkesmannen i Buskerud		
SUM per år:		

Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD:

Denne arbeidsgruppa har sitt utspring i to ting:

- 1) Ny forskrift om forsøksdyr (omhandlar også GPS-merking av rein) krev no i større grad oppfølging av dei merka dyra i felt, for å redusere risikoene for uynskte hendingar.
- 2) I 2016 oppdaga 2 tilfelle av skrantesjuke (CWD) hjå villrein i Nordfjella, samt to tilfelle på elg i Trøndelag. Dette er ein heilt ny situasjon i Noreg som krev ekstraordinære tiltak og handling. Då GPS-merkeprosjektet på villrein i utgangspunktet samlar mange av dei sentrale aktørane også

for CWD-fokuset, har ein i dette prosjektet valt å nedsette ei eiga arbeidsgruppe som sikrar samgangen mellom overvakinga av merka dyr i felt og prøveinnsamling til CWD-arbeidet. Sjå referat frå konstituerande møte for nærmere informasjon om denne arbeidsgruppas samansetting og fokus.

Tabell 7: Budsjett og bidragsytarar arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr og CWD:

Arbeidsgruppe 5) Oppfølging av merka dyr i felt og CWD		
Bidragsytar:	Budsjett kr:	Kommentar:
NINA		Per i dag ikkje klart.
SNO		Eigne ekstraordinære midlar gjennom Miljødirektoratet.
SUM per år:		

Langsiktig perspektiv og deltaking

Då GPS-merking av dyr har ein stor kostnad økonomisk og også med tanke på dyrevelferd er det viktig at slike tiltak blir sett i verk berre når gevinsten er stor i eit langsiktig perspektiv. I dette prosjektet har ein samla mange gode forskingstema og prosjektmål som ei slik datainnsamling over tid kan gje svar på. Eit vilkår for dette er at datainnsamlinga då må vera sikra å kunne gå samanhengande over ein viss periode, særleg av omsyn til dei merka dyra, slik at ein slepp å droppe sendarar og remerke unødig. Finansieringa må difor vera sikker for ein samanhengande periode, i dette tilfellet er det ynskjeleg med ein 5-årig prosjektperiode; fram til 2021.

Det er difor ynskjeleg med tilbakemelding frå aktuelle bidragsytarar om det er mogleg for kvar og ein å delta med finansiering gjennom heile prosjektperioden.

Svar på søknad er ynskjeleg at sendast skriftleg til underteikna innan 1. april 2017.

GPS-merkeprosjektet på Hardangervidda og i Nordfjella ynskjer alle gamle og nye deltakarar velkomne til å delta i spanande kunnskapsinnhenting og -utveksling framover!

Med helsing

Lena Romtveit

Norsk Villreinsenter Sør (sekretariat)

[lena.romtveit@villrein.no](mailto:lenaromtveit@villrein.no)

mob.: 415 15 616

Adresseliste (sendt på e-post eller i ESS):

- Statens vegvesen, v/Pål Rossland, Postboks 8142 Dep 0033 Oslo (paal.rosland@vegvesen.no)
- Statens Vegvesen, Miljøseksjonen, v/Ola-Mattis Drageset, Postboks 8142 Dep 0033 Oslo, (ola-mattis.drageset@vegvesen.no)
- Fylkesmannen i Buskerud, postboks 1604, 3007 Drammen (fmbupost@fylkesmannen.no)
- Fylkesmannen i Telemark. Postboks 2603, 3702 Skien (fmtepost@fylkesmannen.no)
- Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen (fmhopostmottak@fylkesmannen.no)
- Fylkesmannen i Telemark v/Morten Johannessen (fmtemjo@fylkesmannen.no)
- Buskerud Fylkeskommune, Postboks 3563, 3007 Drammen (postmottak@bfk.no)
- Telemark Fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien (post@t-fk.no)
- Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen (hfk@hfk.no)
- Buskerud Fylkeskommune v/Ellen Korvald (ellen.korvald@bfk.no)
- Vinje kommune, v/Lasse Mathiesen, Vinjevegen 192, 3890 Vinje (lasse.mathiesen@vinje.kommune.no)
- Tinn kommune, v/Bjørn Bjørnsen, Postboks 14, 3661 Rjukan (bjorn.bjornsen@tinn.kommune.no)
- Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 Odda (post@odda.kommune.no)
- Ullensvang Herad, Heradshuset, 5780 Kinsarvik (postmottak@ullensvang.herad.no)
- Ulvik Herad, Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik (postmottak@ulvik.kommune.no)
- Eidfjord kommune, v/Gunnar Elnan, Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (postmottak@eidfjord.kommune.no)
- Hol kommune, Ålmannsvegen 8, 3576 Hol (postmottak@hol.kommune.no)
- Nore- og Uvdal kommune, v/Svein Erik Lund, Sentrum 16, 3630 Rødberg (post@nore-og-uvdal.kommune.no)
- Rollag kommune, 3626 Rollag (postmottak@rollag.kommune.no)
- Hardangervidda Villreinutval, v/Svein Erik Lund, 3630 Rødberg (sel@nore-og-uvdal.kommune.no)
- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, v/Martine Hamnes, Sentrum 16, 3630 Rødberg (martine.hamnes@nore-og-uvdal.kommune.no)
- DNT Oslo og Omegn, v/Jan Erik Reiten (jan.reiten@dntoslo.no)

Kopi sendt som e-post:

- Miljødirektoratet v/Erik Lund (erik.lund@miljodir.no)
- Fylkesmannen i Buskerud, v/Even Knutsen (ek@fmbu.no)
- Fylkesmannen i Hordaland, v/Øistein Aasland (fmhoaa@fylkesmannen.no)
- Hordaland Fylkeskommune, v/Snorre Waage (snorre.waage@hfk.no)
- Telemark Fylkeskommune, v/Geir Sørum (geir.sorum@t-fk.no)
- NVE, v/Jan Henning L'Abée-Lund (lbl@nve.no)
- NVE, v/Frode B. Johansen (fbj@nve.no)
- SNO, v/Knut Nylend (knut.nylend@miljodir.no)
- SNO, v/Petter Bråten (petter.braten@miljodir.no)
- Villreinnemnda for Nordfjella, v/Siri Bøthun (siri@sbnatur.no)
- Nordfjella Villreinutval, v/Sigmund Tveitehagen (sigmund_tveitehagen@yahoo.no)